

PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

31. mai 2007 kl 12.00 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale, Einar Gerhardsens plass 3, Oslo.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Dagsorden
3. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, jf. lov om helseforetak § 43 og vedtektene § 7
4. Godkjenning av godtgjering til revisor, jf. lov om helseforetak § 44
5. Årleg melding, jf. lov om helseforetak § 34 og vedtektene § 7 og § 15
6. Andre saker

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte: Statssekretær Arvid Libak

Frå styret møte: Styreleiar Oddvard Nilsen
Ellen Solheim
Gunnvor A. Sunde

Frå administrasjonen møte: Administrerande direktør Herlof Nilssen

Også til stades: Avdelingsdirektør Frode Myrvold
Avdelingsdirektør Cathrine Meland
Underdirektør Anne-Mette Ullahammer
Seniorrådgjevar Torhild Weium

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om helseforetak og møte ved Mari Repstad.

Vald revisor for Helse Vest RHF, Ernst & Young, var varsla i samsvar med lov om helseforetak og møte ved statsautorisert revisor Nicolai Homme.

Sak 1: Føretaksmøtet blir konstituert

Statssekretær Arvid Libak ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkommen. Han spurde om det var merknader til innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Styreleiar Oddvard Nilsen og avdelingsdirektør Frode Myrvold vart valde til å skrive under protokollen.

Statssekretæren overlet møteleiinga til Oddvard Nilsen.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2: Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til den utsende dagsorden. Det var ingen merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

Sak 3: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, jf. lov om helseforetak § 43 og vedtektene § 7

I samsvar med vedtektene § 7 ble årsrekneskapen og årsmeldinga frå styret for 2006 lagt fram av administrasjonen til godkjenning i føretaksmøtet.

Statsautorisert revisor Nicolai Homme, Ernst & Young, gjorde greie for revisjonsmeldinga for 2006.

Føretaksmøtet viste til at den framlagde rekneskapen viser underskot. Det skal haldast fram to tilhøve i forståinga av dette underskotet, desse er omtala i St.prp. nr. 63 (2003-2004):

- Nivå på verdsetting
- Levetider for anleggsmidla

I proposisjonen er det sagt at eit eventuelt underskot som følgje av desse tilhøva ikkje vil påverke dei fastsette styringsmåla knytt til ressursbruk og tenesteproduksjon.

Føretaksmøtet la desse føresetnadene til grunn også for avlegging av rekneskapen i 2006.

I tillegg til dei to tilhøva som er nemnde over skal heller ikkje auka pensjonskostnader grunna endra økonomiske føresetnader påverke balansekravet i 2006, jf. St.prp. nr. 66 (2005-2006). Helse Vest RHF sin del av desse pensjonskostnadene er 186,1 mill. kroner. Stortinget fekk orientering om dette i St.prp. nr 39 (2005-2006).

I føretaksmøtet 24. januar 2006 ble det fastsett slikt resultatkrav for Helse Vest RHF for 2006:

” I tråd med Stortingets krav legg føretaksmøtet til grunn at Helse Vest RHF handterer si omstillingsutfordring slik at det blir oppnådd økonomisk balanse i 2006. Eigar er innforstått med at dette kan innebære store omstillingar. Føretaksmøtet legg samtidig til grunn at nødvendige omstillingstiltak blir vurderte og sette i verk innanfor rammer som gjeld for helseføretak.

Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF i 2006 innrettar si aktivitetsfinansierte pasientbehandling og sine investeringar slik at målet om økonomisk balanse blir nådd.

Føretaksmøtet la til grunn at styret sørgjer for trygg styring og tett oppfølging av økonomien i helseføretaka i 2006.”

Årsrekneskapen for føretaksgruppa Helse Vest viser eit underskot på 914,6 mill. kroner. Korrigerert for dei tre tilhøva som er nemnde over, og som til saman utgjer 509,4 mill. kroner, er resultatet heile 405,2 mill. kroner svakare enn styringsmålet til eigar. Av dette underskotet er 3,0 mill. kroner nedskrivning av eignedelar. Føretaksmøtet slo fast at kravet om økonomisk balanse i 2006 dermed ikkje er oppfylt. Føretaksmøtet merka seg at årsresultatet for 2006 er vesentleg dårlegare enn resultatet i 2005. Føretaksmøtet slo fast at effekten av omstillingstiltaka i 2006 er vesentleg mindre og at veksten i kostnader har vore vesentleg større enn det som var lagt til grunn.

Føretaksmøtet peikte på at god økonomisk styring og kontroll er svært viktig, og merka seg at store delar av det dårlege resultatet i føretaksgruppa først ble meldt mot slutten av 2006. Dei økonomiske resultatata hittil i 2007 gjer likevel grunnlag for å kunne nå resultatkravet for dette året. Føretaksmøtet legg til grunn at Helse Vest RHF held fram og styrker arbeidet med å oppnå kostnadskontroll og med å få til den omstilling som trengst i helseføretaksgruppa for å nå eigar sitt krav til resultat i 2007.

Føretaksmøtet ser alvorleg på utviklinga i likviditeten i føretaksgruppa. Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF sin bruk av midler i 2007 til drift og investering blir prioritert innan budsjettert bruk av likviditet. Føretaksmøtet viste i den samanheng til departementet sine presiseringar i oppfølgingsmøtet 16. april 2007 om at avdrag på lån til investeringar skal betalast gjennom helseføretaket sin eigen likviditet.

Føretaksmøtet vedtok:

Styret sin framlagte årsrekneskap og årsmelding for 2006 vert godkjend.

Sak 4: Godkjenning av godtgjering til revisor, jf. lov om helseforetak § 44

Godtgjeringa til revisor gjeld det arbeid som etter lova er nødvendig for å utarbeide revisjonsmelding for 2006. Auken på 740 000,- kr frå 2005 kjem dels av endringar i kva som skal inngå i uttrykket *godtgjering for revisjon etter lova*. I tillegg kjem merarbeid i samband med revisjon av Helse Vest IKT AS.

Føretaksmøtet vedtok:

Godtgjering til ekstern revisor for revisjon etter lova for 2006 på 1 940 000,- kr inkl. mva. vert godkjend.

Sak 5: Årleg melding, jf. lov om helseforetak § 34 og vedtektene § 7 og § 15

Helse- og omsorgsdepartementet gjorde greie for følgjande:

Lov om helseforetak § 34 pålegg dei regionale helseføretaka å utarbeide ei årleg melding om verksemda. Meldinga skal også omfatte dei helseføretaka som det regionale helseføretaket eig.

I vedtektene § 7 går det fram at føretaksmøtet skal behandle årleg melding på føretaksmøtet, som skal haldast innan utgangen av juni kvart år. I vedtektene § 15 er det slått fast at det skal gå fram av den årlege meldinga etter § 34 i lov om helseforetak om dei vilkåra som er knytt til tilskotet er oppfylt. Vilkår knytt til tilskotet går fram av bestillardokumentet til det regionale helseføretaket for 2006.

Departementet har mottatt årleg melding frå Helse Vest RHF for 2006, og mottatt supplerande opplysningar knytt til denne meldinga i eget brev av 7. mai 2007.

Helse Vest RHF har rapportert på dei styringskrava som bestillardokumentet og protokoll frå føretaksmøtet 24. januar 2006 krev. Føretaksmøtet merka seg at melding frå pasientomboda var lagt ved.

Føretaksmøtet merka seg at Helse Vest RHF har ein høg prosentdel utsendte epikriser innan 7 dagar. Likevel er ikkje målet om at 80 % av epikrisene blir sende ut innan 7 dagar nådd enno. Føretaksmøtet bad derfor Helse Vest RHF sjå til at den positiv utviklinga ikkje stoppar opp. Når det gjeld prosentdel korridorpatientar ligg Helse Vest RHF over landsgjennomsnittet. Føretaksmøtet merka seg at å redusere talet på korridorpatientar har stått i fokus i Helse Vest RHF i 2006 og at fleire helseføretak arbeider med tiltak for å redusere talet, men peikte på at kravet i bestillardokumentet ikkje er oppfylt. Føretaksmøtet ventar at det blir tatt sterkare tak i årsakene til manglande måloppnåing og variasjonane mellom helseføretaka. Vidare peikte føretaksmøtet på at det i 2006 har vore ei positiv utvikling på indikatoren *prosentdel diagnostisk vurderte innan barne- og ungdomspsykiatrien* for Helse Vest RHF samla.

Likevel viser resultatene på indikatoren at målet ikkje er nådd og det er ein veg å gå før målet er oppfylt. Også på dette området er det stor variasjon mellom helseføretaka.

Føretaksmøtet merka seg at Helse Vest RHF har hatt ein sterkare prosentvis vekst innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengige enn innanfor somatikk, slik det ble lagt opp til i bestillardokumentet.

Føretaksmøtet vedtok:

Årleg melding med supplerande opplysningar frå Helse Vest RHF vert teke til etterretning.

Sak 6: Andre saker

Helse- og omsorgsdepartementet gjorde greie for følgjande:

6.1 Styrking av arbeidsmedisinen

Regjeringa samarbeider med partane i arbeidslivet for å få eit meir inkluderande arbeidsliv, og i den samanheng har helseministeren uttrykt at arbeidsmedisinen skal styrkast. Føretaksmøtet har merka seg at det er eit behov for å styrke kapasiteten ved dei arbeidsmedisinske avdelingane, og for å auke utdanningskapasiteten i arbeidsmedisin, slik at ein kan førebyggje, avdekkje og diagnostisere arbeidsrelaterte skader og lidningar i samfunnet.

Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF tek ansvar for å sikre tilstrekkeleg kapasitet ved dei arbeidsmedisinske avdelingane, og for tilstrekkeleg utdanningskapasitet i arbeidsmedisin. Føretaksmøtet viste i den samanheng til at det er stilt til disposisjon ekstra budsjettmidlar frå prosjektet "Raskere tilbake".

6.2 Leganes tenesteplanar

Arbeidsmiljølova legg rammene for korleis ein skal innrette legane sine tenesteplanar på to nivå: Rammene for maksimalt utførde arbeidstimar, og kravet om at tenesteplanane skal ivareta omsynet til at arbeidet vert utført på ein forsvarleg måte. Helse- og omsorgsdepartementet viser til tidlegare føretaksmøte, seinast 13. februar 2007, om oppfølginga av Arbeidstilsynet si "God vakt"-undersøking, og til brev av 30. april 2007 til dei regionale helseføretaka. Føretaksmøtet presiserte Helse Vest RHF sitt ansvar for å oppfylle lovkrava kva gjeld talet på timar arbeidd og ei forsvarleg utføring av tenesta. Helse Vest RHF skal sjå til at tenesteplanane i helseføretaka samsvarar med bestemmingane i lov og/eller avtaler som er inngått sentralt.

6.3 Samhandling

Med bakgrunn i samarbeid mellom Helse- og omsorgsdepartementet og Kommunenes Sentralforbund skal det i 2007 bli inngått ei nasjonal rammeavtale om samhandling på området helse og omsorg. Avtala vil inkludere eit nasjonalt system for oppfølging. Dette inneber blant anna at ein må forankre og utvikle eksisterande avtaler innafor ramma av den nye nasjonale avtala. Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF følgjer opp føretaka sitt samarbeid med kommunane innanfor rammene av den nye avtala. Avtala vil bli formidla så snart den er etablert.

Føretaksmøtet vedtok:

Orienteringa frå Helse- og omsorgsdepartementet vert teke til etterretning.

Møtet vart heva kl 12.15

Oslo, 31. mai 2007

Frode Myrvold

Oddvard Nilsen